

Osa

TEMA: Landskapet ①9, Bønder og busetnad ①37
Stadnamna ①22



Osa og Osafjorden.



«Mor». Målari av Lars A. Osa, 1900.

KULTURLANDSKAPET I OSA

I botnen av Osafjorden ligg eit kulturlandskap prega av store kontrastar; dei vide terrassane og elvedeltaet ved fjorden mot dei bratte liene i bakgrunnen, der Norddalen fører til fjells. To gardar ligg her, OSA og SÆVARTVEIT – garden ved elveosen og tveitet ved sjøen.

Heile 14 husmenn hadde Osa i 1875; over halvparten av gardbrukarane her inne var husmenn. Det overraskar oss kanskje i dag å sjå kor mange menneske dette landskapet kunne livberga. Kvart grasstrå vart sankt, utslåttene låg i steinurder og på fjellhyller, og alle brukande tre vart lauva. Det er denne omhugsame utnytting av alle ressursar som har skapt kulturlandskapet i Osa.

I ingeniørbustadene etter OSA FOSSE-KOMPANI, eit kortvarig krafteventyr 1915–26, er «Hjaldlane Galleri for Samtidskunst» etablert. □

HALLSTATT – LEKVE

For vel 150 år sidan vart det funne eit bronseverd på Lekve-stolen Seberg. Sverdet er av ein sermerkt type som vert kalla Hallstattsverd. Alpebyen Hallstatt i Østerrike, med sine uvanleg rike gravfunn, har også gjeve namn til den eldste jernalderkulturen i Mellom-Europa, Hallstattkulturen, ca. 700–400 år f.Kr. Hallstattsverd av jern og bronse vart spreidde over store deler av Europa. Berre eitt er funne her i landet.



Hallingskeid.

MARKNADSPLASSEN PÅ HALLINGSKEID

Når du i dag susar av stad med toget langs Bergensbanen mellom HALLINGSKEID og MYRDAL, er det kanskje vanskeleg å forstå at her oppe på snaue høgfjellet var ein av dei store marknadsplassane og møtestadene i ferdsla mellom aust og vest. Men slik er det. GRØNDALSMARKNADEN låg ved den gamle ferdsleveggen mellom Austlandet og Vestlandet, i Øvre Grøndal, litt ovanfor Osastølen. Her er eit skjeringspunkt for ferdsla. Til Hardanger gjekk stølsvegen over Osa, til Voss over VOSSASKAVLEN og til Sogn over SYGNALEITET. Kortaste vegen til Hallingdal frå vest var over Osa. Framleis viser tuftene etter ei marknadsbu.

Ein times gange frå Grøndal ligg ei stor flate med steinfri mark i 1100 meters høgd, kanskje så stor som 30–40 mål. Det er Hallingskeid (skeid: ei flate for kappriding eller kappspringing). Kva som er eldst av leikstemna på Hallingskeid og marknadsplassen i Grøndal, er vanskeleg å seia. Det er eit naturleg samband mellom dei. Kanskje går marknadsplassen attende til dei første hundreåra e.Kr., og kanskje vart det slutt med Grøndalsmarknaden i seinmellomalderen, etter svartedauden.